

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	<b>Stord sokneråd</b>
Tid:	<b>Tysdag 21.mai 2024 Kl. 19.00 – 21.00</b>
Møtestad:	<b>Kyrkjekontoret (Sæ 21)</b>
Opning:	<b>Kirsti</b>

**Tilstades:** Jørgen Knudsen, Leif Steinar Alfsvåg, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Knut Johannes Gram, Randi Agnete Nysæter og Dag Kjetil Lægreid (1. vara), Åslaug Leiknes Nag (4.vara), Gjertrud Husøy (5.vara)

**Forfall:** Dag Sele, Magne Andresen, Runar Isdahl (2.vara), Njål Rune Sortland (3.vara)

## SAKLISTE

### 2024/37- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjent, med ein tilleggssak:  
2024/45 – Høyringsuttale ifm tilsetjing av kyrkjelydsmedarbeidar

### 2024/38- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

**Vedtak:** Godkjent

### Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

2024/36 - Høyringsuttale, 100% fast stilling som kyrkjelydsmedarbeidar

### 2024/39- 023 Satsingar for skuleåret 2024-2025

Vidare drøfting av satsingar for komande skuleår med utgangspunkt i innspela frå førre møte. Sjå referat frå april-møtet og tenk gjennom kva du syns me skal satse på og kva du vil engasjere deg i. Vedlegg 2 inneholder framlegg frå AU på mogleg satsingar 2024-2025 for vidare drøfting i møtet.

#### Vedtak:

Soknerådet vedtek framlegget til mogleg satsingar i 2024-2025, med dei endringane som kom fram i møtet:

- Forslag om å leggje til «Arbeide for å etablere ei referansegruppe inn mot arbeidet til spesialprest Runar Larsen»
- Presisere at ein kan vurdere å starta opp alpha-kurs i samarbeid med andre menigheter eller organisasjonar. Dersom ein ikkje vel å starta opp dette er det eit alternativ å ha kveldssamlingar eller andre samlingar med bibelundervisning i staden.
- Forslag om å foreslå for Nysæter sokn at ein arrangerer kyrkjelydsleir saman i 2024
- Nytt punkt: «Kyrkjelydshus» med underpunkt «Halda fram arbeidet med å realisere draumen om eit kyrkjelydshus for Stord sokn».
- Nytt underpunkt under Fellesskap og undervisning: «Støtte opp om felles møtehelg med Leirvik Bedehus våren 2025»

Soknerådsleiar får oppdraget med å leggje dette inn i verktøyet Kyrkja Vår.

### 2024/40- 315 Drop-in dåp og Folk i Sentrum

Helga 7.-9.juni vert det fleire arrangement som involverer soknerådet.

7.juni kl 15-17 vert det Drop-in dåp i Stord Kyrkje. SR er spurd om å stille med kyrkjevert, kake og kaffi.

8.juni vert det stand i sentrum, saman med stab og Nysæter sokneråd. Det trengs hjelp til opp- og nedrigg samt representantar på standen gjennom dagen. Erfaringsmessig trengs og vaffelrøre og kaffi.

9.juni vert det gudsteneste på Osvald Pub som del av Folk i Sentrum. Kjekt om vi får til ein god kyrkjekaffi etter samlinga.

Gjennomgang av opplegg og fordeling av oppgåver knytt til arrangementa.

#### Vedtak:

7.juni:

Ikkje avklart i møtet. (Kirsti kan ha moglegheit til å vere med)

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

8.juni:

Dag, Anders, Kirsti og Jørgen kan vere med å stå på stand ila laurdagen.  
Magne kan vere med opp- og/eller nedrigg. (Mangler ein til her)  
Dag Kjetil stiller med 3 liter vaffelrøre. Kirsti, Anders og Dag kan ta med vaffelrøre.  
Dette vert spelt inn til Solveig som koordinerer frå staben si side.

9.juni:

Vi ønskjer å ha ferdig steikte vaflar til kyrkjekaffien.  
Sigrid stiller med eit fat med vaflar. (Anders kan stille med vaflar om naudsynt)  
Leif Steinar vert med som t.d. kyrkjevert.

Jørgen avklarar behovet for frivillige i Stord kyrkje for dåpsgudsteneste. Kirsti er aktuell.

Førebels uløyste behov:

- Kyrkjevert (og evt kaffikokar) fredag
- Kake til fredag (kan kjøpast)
- Ein person til opp- og/eller nedrigg laurdag
- Fleire som stiller med ferdig steikte vaflar søndag

Dersom nokre i møtet (eller med forfall) ser at dei kan bidra sender dei melding til Anders.

## 2024/41- 311 Gudstenestoplan hausten 2024

Gudstenesteutvalet legg fram forslag til gudstenestoplan for hausten.

**Vedtak:** Soknerådet vedtek gudstenestelista for hausten som framlagd.

## 2024/42- 317 Takkoffer hausten 2024

Gudstenesteutvalet legg fram forslag til takkoffer-føremål for hausten.

Frå møtet: I tillegg til framlegget vart det handsama ein søknad frå Filipinerforeininga. Ein fann ikkje rom for dette hausten 2024, men tek søknaden med til ny vurdering når ein set opp lista for våren 2025.

**Vedtak:** Soknerådet vedtek takkofferlista som framlagd.

## 2024/43- 012 Evaluering av soknerådsarbeidet så langt

Soknerådet har no vore i gong ca eit halv år og det er tid for å tenkje saman om korleis vi jobbar saman og om vi ønskjer å gjere nokre justeringar før hausten.

**Vedtak:** Saka utsett

## 2024/44- 012 Møteplan for hausten 2024

Forslag til møtedatoar for soknerådet hausten 2024:

AU:	Soknerådsmøter:
27.aug	ons 4.sept kl 19-21
24.sept	tors 3.okt kl 19-21
22.okt	tirs 29.okt kl 17-19
28.nov	tirs 10.des kl 19-21

Andre viktige datoar:

9.sept	Uttalefrist ifm tilsetjing av ny prost. (Tilsetjing skjer 2.oktober)
12.sept kl 16-20:30	Prostidag (Samling i Sveio, biskopen deltar) – for hele soknerådet
19.sept kl 16-21	Inspirasjonssamling for sokneråd og stab
20.okt kl 17	Avslutningsgudst. for prost Svein Arne Theodorsen i Stord Kyrkje
1.-3.nov	Kyrkjelydsleir på Solgry
30.nov	Frist for å kome med framlegg til frivilligprisen (Sunnhordland prostiråd)

**Vedtak:** Soknerådet vedtek møteplan for hausten som framlagd.

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

## 2024/45- 212 Høyringsuttale, 100% fast stilling som kyrkjelydsmedarbeidar / diakonimedarbeidar

Fellesrådet v/kirkjeverje har bedt soknerådet om uttale i samband med tilsetting av 100% stilling, fordelt som 70% kyrkjelydsmedarbeidar og 30% diakonimedarbeidar. Det er ein søkjer til stillinga.

### Vedtak:

Stord sokneråd støttar innstillinga av Marianne Følling til fast stilling som kyrkjelydsmedarbeidar / diakonimedarbeidar i Stord kyrkjelege fellesråd. Dersom løysinga vert å tilsetja i 80% ønskjer soknerådet at fellesrådet inviterer til ein dialog om korleis ein kan nytta dei resterande 20%, t.d. til å få inn ressursar inn mot konfirmantarbeid, frivilligkoordinering eller anna.

## Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår?» Orientering ved sokneprest
  - a. Vellukka 17.mai gudsteneste med diakonal profil. Ca 40 deltagarar. Nokre uttrykte at det var høgdepunktet i dagen, og då har me lukkast med satsinga. Flotte heimebaka kaker frå Sigrid bidrog til feststemning.
  - b. Konfirmasjonar komande helg, deretter innskriving av neste kull allereie neste veke.
  - c. Neste gudstenester er Moster 2024 (2.juni) og på Osvald Pub (9.juni).
2. Orientering frå fellesrådet v/Knut
  - a. Fokus på økonomiplan og oppdatert driftsbudsjet. Skal sjå på samanlikning av den økonomiske drifta opp mot andre samanliknbare kommunar.
  - b. Gjennomgang av delegasjonsreglement og andre administrative rutinar
3. Innspel frå utvala
4. Kyrkjelydsleir 1.-3.nov på Solgry. Komite?
  - a. Kirsti og Grete vert med også i år, og arbeidar no for å få med fleire i komiteen.  
Innspel til aktuelle namn mottakas med takk.
5. Samling for frivillige knytt til gudstenestearbeidet – 4.juni kl 19
  - a. Soknerådet er og særskild invitert til samlinga.
  - b. Samlinga er open og vi ønskjer å samle alle som har teneste, ønskjer det eller har engasjement for gudstenestene.

## Skriv, referat og meldingar

1. Informasjon om Moster 2024 til sokneråda
2. Referat gudstenesteutval 24.april

Anders Dahl  
soknerådsleiar og referent

# Satsingar for Stord Sokn – 2024/2025

## FRIVILLIGE – Trivsel, eigarskap og deltaking

- Fordi vi kan få "meir kyrkje på Stord" ved å engasjere fleire frivillige medarbeidarar, særleg om dei vert sjølvgåande på nokre tiltak. Mål om å skapa eigarskap og trygge frivillige.
- Mål om oppdaterte lister over frivillige ila hausten 2024. Ønskjer og å avklare roller mellom sokneråd og stab i rekruttering og oppfølging av frivillige.
- Meir informasjon og inspirasjon i kommunikasjon med frivillige (og andre). Etablere «infokarusell» før og etter gudstenesta som fast innslag. Eiga facebookgruppe? Oppdatere heimesida? Medarbeidarsamlingar?

## GUDSTENESTE – Fullsett kyrkje takk!

- Ønskjer å arbeide for enda meir deltaking i gudstenestene, og å få ned snittalderen på deltakarane, t.d. gjennom involvering/deltaking og musikkval. (Deltaking særleg for born, konfirmantar og frivillige. Musikkval med fokus på forståelege songar som er enkle å synge med på.)
- Utvida forsongertenesta og rekruttering av fleire frivillige til oppgåve i gudstenestene.
- Framsnakka gudstenesta og arbeidet i kyrkja for å fleire til å ta del

## DIAKONI – Misjonsprosjekt Cuba

- Ta ansvar for å organisere innsamling av ting til ein hjelpecontainar som kan gå i slutten av 2024. Bruke dette arbeidet som eit fellesskapsbyggjande tiltak for kyrkjelyden.
- Samle inn 50 000kr årleg i tråd med misjonsavtalen.

## GENERELT – Ungdom, studentar og unge vaksne

- Halde fram satsing på tiltak for ungdom, studentar og unge vaksne.
- Vidareutvikle tenesta for spesialprest Runar Larsen inn mot særleg ungdom og studentar, og integrere arbeidet med anna som skjer i soknet. Arbeide for å etablere ei referansegruppe inn mot dette arbeidet.
- Halde fram ei satsing på konfirmantarbeidet som eit viktig arbeid, og støtte etablering av leiarprogram for fjarårskonfirmantar (MILK eller liknande).
- Arbeide for ressursar som gjer at ein kan halde fram med ungdomsklubb hausten 2024.

## KYRKJELIV – Fellesskap og undervisning

- Halde fram med tiltak som Pizza & Quiz, Søndagskaffi og andre sosiale samlingar.
- Vurdere oppstart av alpha-kurs som eit nytt tiltak, eventuelt saman med andre kyrkjelydar eller organisasjonar i området. Dersom ein ikkje vel å starta opp dette er det eit alternativ å ha kveldssamlingar eller andre samlingar med bibelundervisning i staden.
- Gjennomføre årleg kyrkjelydsleir og nytte det som eit fellesskapsbyggjande tiltak. Inviter Nysæter sokn til å arrangere felles kyrkjelydsleir i 2024.
- Ønskjer å ha kyrkjekaffi på alle gudstenester på sön- og helligdagar.
- Støtte opp om felles møtehelg med Leirvik Bedehus våren 2025

## TRUSOPPLÆRING – «Det er mi kyrkje»

- Saman med foreldre og faddrar skal kyrkja på Stord gi ei god og trygg opplæring i kristen tru. Kyrkja skal vere ein viktig stad for born og unge - og dei skal oppleve at "det er mi kyrkje".
- Skifte i tilsette kan gi utfordringar i å oppretthalde tilbodet hausten 2024. Me ønskjer å forma satsingane ut frå eigenskapar og interesse hjå dei som vert tilsett, men legg i første omgang vekt på at det viktig å halde på det kontinuerlege arbeidet (T0, T1-10 og T14) som skapar relasjonar mellom borna og kyrkja - og samstundes halde på dei tradisjonelle punkttiltaka som det er best oppslutnad om (T4, T9, T11). Soknerådet ønskjer å bidra til at tiltaka vert opprettheldt gjennom rekruttering av frivillige dersom det ikkje vert tilgjengeleg tilsette ressursar.
- Sjå på moglegheiter for meir samarbeid med organisasjonar for born og unge.

## GENERELT – Inkluderingsarbeid i kyrkja (HEL-arbeid)

- Vi ønsker ei kyrkje der vi alle hører til uansett funksjonsnivå og ressursar. Soknerådet ønskjer at vi som kyrkje legg meir aktivt til rette for deltaking for alle, både i eksisterande aktivitetar og potensielt i særskild tilrettelagde aktivitetar der det er naturleg. Tilrettelegging av tiltak for deltakarar med ulike funksjonsnedsettingar.
- Sjå på moglegheiter for å fellesskap og inkludering av den store gruppa unge vaksne (20+) som står utanfor arbeidslivet. Skape møteplassar og legge til rette for inkludering i frivillig teneste.

## GENERELT – Kyrkjelydshus

- Halda fram arbeidet med å realisere draumen om eit kyrkjelydshus for Stord sokn